

Referat

Studieprogramråd for barnevern

Møtedato: 09.06.2022 kl. 13.00 – 14.30

Sted: Teams-møte

Deltakere:

Sandra Opheim, fagseksjonsleiar/studieprogramansvarleg
Hege Sundt, fagleg representant
Ove Mjåtveit, Einingsleiar Sunnfjord barnevern, eksternt medlem
Ann-Iren Høgalmen, HIVO, eksternt medlem, fagfellerrepresentant
Tone Jørgensen, fagleg representant
Ingrid Faaberg, referent

Forfall:

Berit Marie Njøs, fagleg representant
Mahsa Dowlat, studentrepresentant, 3. klasse
Sandrina Sandell, Løvetannakademiet, eksternt medlem, brukarrepresentant
Elisabeth Geshe Lyngstad, studentrepresentant, 1. klasse
Siv Berit Molland, studentrepresentant, 2. klasse

Etablering av studieprogramråd og rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanning:

[Studieprogramråd](#)

[Kvalitetshandboka](#)

[Utdanningskvalitet ved FHS](#)

Rammeverk

Retningslinjer for honorar og lønn til studenter

Sak		Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. kommentarar	Fagseksjonsleiar	5 min
Referat: Sakliste godkjent utan merknad.				
2/22 Læringsnettverk barnevern		Orientering	Hege Sundt	25 min
Referat: Det er etablert læringsnettverk for barneverntenestene i fylka. HVL er med som kompetansemiljø i læringsnettverka. Statsforvaltaren er ansvarleg for læringsnettverket, og administrera midlar som kan søkast om. Det er 12 utviklingsprosjekt i Vestland, 6 om system og 6 på kompetanse. HVL har to representantar i ressursgruppa, og eit varamedlem i styringsgruppa. Det er ulike møtepunkt der ein delar erfaringar som vert gjort. Det er ulike prosjekt som går ulike stader. Dette fører til nærare kontakt mellom utdanning og praksisfeltet. Studentar i 3. klasse kan ha prosjekt knytt til dette. Vinn-vinn på fleire nivå. Veldig meningsfylt samarbeid, og det gjer det enklare for utdanninga å følgje med på det som skjer i barnevernstenesta. Barnevernstenesta har opplevd det som meningsfylt å delta i dette. Tenestene er ulikt organisert og det å jobbe saman i prosjekt er utfordrande. Tek tid å få resultat i slikt arbeid, men no kan dei sjå attende å sjå kva som er gjort. Krevjande, men også veldig læringsrikt. God måte å drive fagutvikling i tenestene.				
3/22 Forandringsfabrikken/ bruk av brukarrepresentantar inn i utdanninga		Diskusjon og innspel frå studieprogramrådet.	Fagseksjonsleiar	25 min

Referat:

Problemstillinga er aktuell grunna mediedekning og kritikk av Forandringsfabrikken. HVL har orientert Forandringsfabrikken om at dei ikkje vil nytte dei i neste studieår.

Kva tenker SPR om det å få brukarstemma inn i utdanninga?

- Høgskulen i Volda har diskutert, usikker på kva konklusjonen er. Utdanninga har ynskje om å få brukarstemme inn i klasserommet, men det er vanskeleg å få til. Forandringsfabrikken har «løyst» problemet tidlegare. Det opplevast som utfordrande at dei er blitt så profesjonelle.
- Eksternt medlem har fått spørsmål frå Forandringsfabrikken om å sette dei i kontakt med klientar. Dei har valt å seie ja til dette. Forandringsfabrikken skal bidra inn i eit lovarbeid – oppdraget er å få fosterbarn si stemme inn i rapporten. Opplevast som drastisk å bryte alle band med grunnlag av oppslaga i media. Brukarstemma er framleis eit nytt felt – og det er utfordringar med det. Søkelyset gjer at dei må syte for gode prosessar i sitt system, evaluere seg sjølv.
- HVL barnevern har diskutert saka og vel å vente med å nytte Forandringsfabrikken vidare. Det låg ei avtale om at dei skulle inn i 3. klasse, men sidan planlegginga for hausten må gjerast no er det bestemt å ikkje bruke dei for kommande studieår. Forandringsfabrikken skal granskast, og ein kan ikkje vente på konklusjon før ein avgjer om ein skal bruke dei. Brukarstemma skal likevel vere ein del av utdanninga. Det må sytast for at det er ein kritisk refleksjon kring bruken av brukarstemma. For studieåret 2022/2023 vert undervisninga løyst på anna måte enn å nytte Forandringsfabrikken. Utdanninga skal diskuterte korleis dette skal gjerast framover. Viktig at studentane får rikeleg med tid etter slik undervisning til å diskutere og reflektere kring det dei har høyrte frå brukarrepresentantar. Brukarrepresentantar må ha ei tydeleg bestilling frå HVL om kva dei skal bidra med. Dette gjeld også ved bruk av andre eksterne. Det vert også nytta forskingsresultat inn i undervisning – dette fører også til behov for refleksjon for studentane.
- Ekstern fortel at dette minner om pasientforbunda og reaksjonar frå helsevesenet. Når brukarrepresentantar fortel om sine erfaringar så blir det eit behov for refleksjon i ettertid. Barnevernstenesta har brukt enkeltpersonar som fortel om ulike erfaringar. Opplev at Forandringsfabrikken har hatt gode innspel.
- Har barnevernstenesta brukarråd? Etablert erfaringsformidlar? Nei, veit ikkje om andre heller. Har nytta dei i enkelt tilfelle. Det er viktig med mangfald i denne bransjen også.

4/22 Aktuelle orienteringssaker fra HVL, FHS utdanning

15 min

Referat:

[Samarbeidsmidlar](#) er utlyst. Lite søknadar. Kva skal til for at eksterne skal nytte slike midlar? Det kan vere tidspunkt en får informasjonen som er viktig, kva anna held dei på med i same periode. Mange faktorar som spelar inn. Dei klarar ikkje få med seg alt som dei får informasjon om og det er vanskeleg å halde styr på kva som er kva.

Ekstern barnevernsteneste fortel at dei har nett hatt to flotte studentar i praksis. Med tanke på master så kan studentane vere heldige å få seg arbeid i barnevernsteneste og så få finansiert masterutdanninga i jobb. I deira kompetanseplan ligg vidareutdanninga inne og dette kan kanskje på sikt byggast opp til ein master. Dei oppmodar sine tilsette om å søkje vidareutdanninga «Barnets beste».

Stimuleringsmidlar frå Bufdir. Det har vore dialog med praksisfeltet i SPR og i samarbeidsmøte og det er landa på at midlane skal nyttast til å løne rettleiar på praksisstaden. Midlar føl studentar, ikkje skile om studentane er i kommunal eller statleg teneste. Studentane har same behov for rettleiing uavhengig om kvar dei er. Signal om at denne ordninga skal halde fram. Svar på søknad kjem i sommar.

Søkjartal: det er gode søkjartal til hausten. 20% auke i fyrsteprioritet søkjarar ved HVL, landsbasis har nedgang 15%. Det er færre tal studentar. Likevel auke på bachelor i barnevern. Planlegg å spørje studentane som kjem kva som gjer at dei har valt Sogndal. Dette kjem vår region til gode.

Opptakstal på «barnets beste» 85 fyrsteprioritet søkjarar på 32 plassar. Oppgang frå i fjor. Utgåande kull har vore 32 studentar. Studentane gir tilbakemelding om at dei er nøgde, lærer mykje og at dei blir betre i jobbane sine.

Fagseksjon barnevern har søkt om midlar frå HK-dir for å utvikle deltid barnevern og drive det i 4 år. Planlegg opptak i Sogndal og Bergen anna kvart år. Får svar på søknad i sommar. Dersom det blir innvilga så vil det bli oppretta ei prosjektgruppe for å arbeide vidare med dette til hausten. Vil då trenge innspel frå praksisfeltet.

Barnevernsutdanninga har hatt [besøk av barne- og familieminister Kjersti Toppe](#) i samband med besøk i Sogn. HVL fekk presentere barnevernsutdanninga, forskingsprosjekt [Challenges of participation](#) – familiar som mottek tenester frå både barnevernteneste og Nav. God respons frå minister. Sogn Avis har skrive om saka – god reklame for utdanninga også. Mykje merksemd knytt til barnevernsutdanninga.

5/22 Eventuelt			Fagseksjonsleiar	15 min
-----------------------	--	--	------------------	--------

Referat:

Ingen saker på eventuelt.